



Vestland fylkeskommune

Att:

Postboks 7900

5020 BERGEN

## Blom Fiskeoppdrett AS - Uttale til søknad om utviding av maksimal biomasse på lokalitet 11652 Kjeppvikholmen i Alver kommune

Vi viser til brev frå Vestland Fylkeskommune datert 17.09.21 med oversending av søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS om utviding av anlegg og maksimal tillaten biomasse på lokalitet 11652 Kjeppvikholmen.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.

---

**Fiskeridirektoratet region Vest ser at det er konflikt mellom fiskeriinteressene i området og anlegget. Under føresetnad av at følgjande vilkår blir følgd vil vi ikkje rå frå at søknaden vert innvilga:**

- Ved avlusing må det takast omsyn til at det eit rekefelt like ved anlegget. Legemiddel som inneheld kitinhemmarar er forbode nærare enn 1000 meter frå rekefelt, jf. akvakulturforskrifta §15a).
- Fortøyingar må ikkje kome i konflikt med rekefeltet i nærleiken av anlegget.
- Miljøtilstand ved anlegget må følgjast med på.

---

**Dersom desse vilkåra ikkje vert tatt omsyn til, vil konflikten ha eit omfang som gjer at vi vil rå frå at søknaden vert innvilga.**

---

### Om søknaden

Blom Fiskeoppdrett AS har søkt om å utvide anlegget på lokalitet 11652 Kjeppvikholmen frå tre til ni rammefortøyingar og frå ein maksimal tillaten biomasse på 2340 tonn til 3900 tonn. Samtidig skal dei avvikle drifta på lokalitet 10080 Laksevika. Biomassen i området skal såleis ikkje aukast, men lokalitetane slåast i saman til ein stor lokalitet.

### Vurdering av søknaden

## Fiskeri

Det er registrert fleire fiskeriinteresser i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy [Yggdrasil](#). Utanfor Ypso er det registrert fiskeplass aktive reiskap (rekefelt), og utanfor Abedissen er det registrert fiskeplass passive reiskap. Delar av det planlagde anlegget er i konflikt med rekefeltet fordi fortøyingar som kjem ut i feltet vil fysisk kome til hinder for fiske med rekeetrål. Det har gått føre seg fiske i feltet seinast i mars i år i følge Barentswatch.

Fiskarlaget Vest seier i sin uttale at dei ikkje kan godta at anlegget legg beslag på rekeetrålfelt som er naturgjevne område som ikkje kan flyttast på. Kopi av uttalen deira er vedlagt.

Fiskeridirektoratet region Vest vurderer at slik søknaden føreligg no vil utvidinga føre til at deler av rekefeltet ikkje vert trålbart. Blom Fiskeoppdrett AS må difor legge fortøyingane utanfor rekefeltet. Ei løysing kan vere å leggje ringane i to rekker, eller å redusere tal på ringer frå ni til seks.

## Marint biologisk mangfald

Det finns data frå kartlegging av marint biologisk mangfald i området. I denne samanheng har fiskerimyndighetene særleg merksemd mot å ta vare på gyteområde for kysttorsk, ålegrasenger, og sikre at rike førekomstar av korall og svamp ikkje vert dekkja til med slam. Ålegrasenger og korall- og svampbotn er viktige oppvekstområde for fisk.

Det er registrert eit gyteområde for kysttorsk Ypsehamni/Eikeland øst for lokaliteten.

I gjeldane kommuneplan er området sett av til LLNF-område. Vår vurdering er at utviding av anlegget ikkje vil vere i konflikt med gyteområdet.

## Marint miljø og miljøundersøkingar

Vi har ansvar for å følgje opp akvakulturanlegg i driftsfasa, mellom anna anlegget sin påverknad på det marine miljø (§ 35 og § 36 i akvakulturdriftsforskrifta).

Vi minner om at det må visast særleg aktsemd ved bruk av legemiddel og kjemikaliar for å unngå at midlane slepp ut i det omkringliggende miljø i medhald av § 15 i akvakulturdriftsforskriften. Fiskeridirektoratet er opptatt av at avlusingsmiddel som inneheld kitinhemmarar vert nytta med varsemd. Særleg i område med verdfulle førekomstar av reke, kreps, krabbe og hummar.

Vi viser i denne samanheng til forskrift om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) § 15, 1. og 2. ledd som gjeld bruk av legemiddel og andre kjemikaliar:

*Ved bruk av legemidler og andre kjemikalier skal det vises særleg aktsomhet for å unngå uakseptable effekter på det omkringliggende miljø. Det skal foreligge en vurdering av de lokale forhold som har betydning for spredningen av legemidler for behandling av fisk mot lakselus i det omkringliggende miljø og beskrivelse av organismer i området som kan påvirkes negativt av slike stoffer. I tillegg skal det beskrives tiltak som kan iverksettes for å redusere negativ miljøpåvirkning av slike stoff.*

Vidare viser vi til § 15a, ledd 2, og § 15b:

*Kitinsyntesehemmere kan ikke brukes på lokaliteter nærmere enn 1000 meter fra rekefelt jf. de felt som til enhver tid vises i Fiskeridirektoratets nettbaserte kartverktøy. Badebehandling med legemidler mot lakselus i oppdrettsanlegg som ligger i rekefelt og /eller gytefelt eller nærmere enn 500 meter fra slike, jf. de felt som til enhver tid vises i Fiskeridirektoratets nettbaserte kartverktøy, må foretas i brønnbåt. Lusebehandlingsvannet må transporteres bort fra anlegget.*

## Miljøovervaking



Det har vore drift på lokalitet 11652 Kjeppvikholmen sidan 2010. Miljøtilstanden under og i nærsona til anlegget har vore passa på gjennom miljøundersøkingar (etter NS 9410) og er blitt rapportert til Fiskeridirektoratet. Resultat frå undersøkingane som har vore gjennomført i driftsfasa har vist ein varierende tilstand. Siste rapport datert 27.05.21 konkluderer med tilstandsklasse 3 på lokaliteten. Undersøkingar frå tidlegare (2015 – 2017) syner ei trend at lokaliteten får ein dårleg tilstand (3 og 4) ved biomassetopp, og at den hentar seg inn att ved brakklegging.

Det er utført ei førehandsgransking på lokaliteten av Rådgivende Biologer AS 26.10.21. Resultat i frå denne undersøkinga syner at stasjon C1 hamna i tilstandsklasse «moderat», medan stasjonane C2, C3, C4 hamna i tilstandsklasse «god» og C5 i tilstandsklasse «svært god». Totalt sett viser granskinga at det er god tilstand i heile overgangssona, men at nærsona til anlegget er noko meir belasta.

Fiskeridirektoratet region Vest ser positivt på at Blom Fiskeoppdrett AS ønskjer å betre fiskevelferda og miljøet, og i utgangspunktet meiner vi at det er positivt med ein overgang frå mange og små lokalitetar til få og store. Men det er ein føresetnad at dei store lokalitetane toler drifta.

Lokalitet 11652 Kjeppvikholmen har hatt ein utfordring med dårleg miljøtilstand ved anlegget, og vi uroa for at utviding av anlegget vil verke endå meir negativt inn på miljøtilstanden. Vi understrekar viktigeita av at miljøet ved lokaliteten følgjast nøye med på. Fiskeridirektoratet region Vest har moglegheita til å fatte vedtak om redusert biomasse ved ein lokalitet dersom lokaliteten hamner i tilstandsklasse 4 (svært dårleg) ved ein B-undersøking. Det vil difor vere viktig at oppdrettar har tiltak for å hindre at miljøet på sjøbotn under anlegget verte dårleg.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

**Kopi til:**

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Blom Fiskeoppdrett AS

Ulvøyvegen 130

5337

RONG

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003

BERGEN

Kystverket Vest

Postboks 1502

6025

ÅLESUND

Mattilsynet

Felles postmottak

2381

BRUMUNDDAL

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

**Vedlegg**Uttale - Utviding og auka biomasse  
lokalitet 11652 Kjepevikholmen

KOPPI

